

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 5. februar 2007  
Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik  
Saka gjeld: **Konsernbudsjett 2007**

**Styresak 005/07 B**

**Styremøte 14.02. 2007**

---

## Bakgrunn:

Helse Vest la i møtet den 8. november 2006 fram sak 099/06 B Inntektsfordeling 2007 og førebels resultatkrav 2007. Det vart under punkt 3 i vedtaket fastsett følgjande resultatkrav for 2007:

*Førebels resultatkrav blir som følgjer:*

Tal i heile mill kronar	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	IKT	RHF	Total
<b>Resultatkrav 2007</b>	-51	-38	-153	-38	0	0	0	-280

Helseføretaka har med basis i inntektsramma 2007 samt fastsett resultatkrav no behandla og vedtatt sine budsjett for 2007 i dei respektive styra. Helse Vest vil med basis i desse vedtaka legge fram sak om konsernbudsjett 2007.

Denne saka vil og ta opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå eigar og som ikkje var innarbeida i sak om inntektsfordeling 2007. I tillegg er resultatkravet frå eigar på kr 305 mill i underskot innarbeida i konsernbudsjettet. Endringa i resultatkravet på kr 25 mill foreslåast handtert ved at det i budsjettet til Kjøp av helsetenester blir innarbeida ein uspesifisert post på kr 25 mill slik at resultatet her blir eit underskot på kr 25 mill. Denne posten må sjåast opp mot dei krav som blir stilt i bestillinga frå eigar samt forhold som Helse Vest har blitt kjend med etter budsjettbehandlinga i november

Det er og gjort oppdatering for budsjetterte DRG poeng for 2007. Det samla nivå på DRG poeng ligg innafor bestillinga frå eigar.

I tillegg vil det bli gjort fordeling av budsjettpostar som ikkje var tatt omsyn til under sak 099/06 B.

Regjeringa legg no fram proposisjon om auka basisløyving for 2007 på totalt kr 800 mill. Det er føreslått at Helse Vest får kr 100 mill av denne løyinga. I tillegg foreslår regjeringa at kr 50 mill blir nytta til lokalsjukehusprosjekt og kr 50 mill til rustiltak. Helse Vest har i denne saka innarbeida denne ekstra løyinga, men det må takast etterhalt for endeleg godkjenning i Stortinget.

## Kommentarar:

### Endring og omdisponering av inntektsramma

#### Overslagsløyving ISF inntekt

Då sak om inntektsfordeling 2007 blei lagt fram i novembermøtet var ikkje bestillinga frå eigar avklart. ISF inntekta er ei overslagsløyving som blir fastsett endeleg i samband med ISF oppgjerset året etter. I sak om inntektsfordeling 2007 ble det ved fordeling av overslagsløyving ISF lagt til grunn bestillinga 2006 med tillegg for 1 % kodevekst. Veksten i DRG produksjonen i 2006 kan i det store og heile tilskrivast Helse Bergen. Når Helseføretaka no har lagt

fram sine budsjett har dei vidareført det aktivitetsnivået som var gjeldande ved utgangen av 2006. Summen av denne produksjonen saman med forventa aktivitet hos private ideelle og private kommersielle ligg innafor den bestillingsramma som eigar har fastsett i oppdragsdokumentet for 2007. Bestillinga frå eigar er basert på ei overslagsløyving på 218 240 DRG-poeng.

I tabellen under blir budsjetterte DRG poeng i helseføretaka samt forventa produksjon hos private ideelle og private kommersielle vist:

<b>DRG poeng - Budsjett fra HF</b>	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Private ideelle	Private	TOTAL
<b>DRG poeng budsjettet i HF</b>	<b>54 820</b>	<b>29 100</b>	<b>88 902</b>	<b>22 290</b>	<b>13 350</b>	<b>6 360</b>	<b>214 823</b>
Fratrekk for pasienter tilhørende andre regioner	1 197	184	3 474	563			5 418
DRG egne pasientar eget HF	53 623	28 916	85 428	21 727	13 350	6 360	209 405
Egne pasienter behandlet i andre regionar	3 809	911	2 030	1 176			7 926
DRG poeng finansiert fra Staten	57 432	29 827	87 458	22 903	13 350	6 360	217 330

Ved samanstilling av konsernbudsjettet tar Helse Vest omsyn til den DRG produksjon som helseføretaka har budsjettet. Dette inneber at ISF inntektene og kostnadene i Helse Vest RHF er auka med eit beløp på kr 34,5 mill samanlikna mot inntektsramma under sak 099/06 B. Resultatet i RHF'et endrar seg ikkje som følgje av denne justeringa.

### Inntekter frå staten

Alle inntektspostar som følgjer av oppdragsdokumentet er no innarbeida i inntektsramma i Helse Vest RHF. Dette inneber følgjande endring av inntektsramme frå staten samanlikna for sak 099/06 B:

	(tal i heile tusen)	Kap. Post	Sak 99/06	Endeleg Inntektsramme	Endring
Habilitering og rehabilitering og tiltak rusmiddelavhengige	726.70	0	1 750	1 750	
ISF inntekt (overslagsbevilgning)	732. 76	2 801 934	2 836 484	34 550	
Basisramme	732. 73	9 691 888	9 691 888	0	
Ekstraløyving (forslag, ikkje vedtatt av Stortinget enno)			100 000	100 000	
Sjuketransport	732. 70	280 600	280 610	10	
Forskning, utdanning og Medisinske kompetansesentre	732. 78	117 700	117 700	0	
Psykisk helsevern	743. 75	355 383	355 383	0	
Tilskot til arbeid med vald og traumatisk stress		0	1 071	1 071	
Tilskot til opptreningsinstitusjoner	732. 70	68 000	67 975	-25	
Omlegging av arbeidsgiveravgift	732. 70	21 300	21 280	-20	
Tilskot til regional legemiddelsenter (RELIS)	751.70	0	3 460	3 460	
Sum estimert inntekt frå staten (eksl. polikliniske intekter)		13 336 805	13 477 601	140 796	

### Habilitering og rehabilitering av tiltak for rusmiddelavhengige

Helse Vest har fått tildelt kr 1,750 mill til habilitering og rehabilitering og tiltak for rusmiddelavhengige. Løyving skal dekke utgifter i samband med vidareføring av prøveordninga med det dommarleidde narkotikaprogrammet. Midlane skal dels nyttast til teamrepresentantar frå spesialisthelsetenesta/tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelmisbruk, dels stipulerte behandlingskostnader. Administrerande direktør vil forslå at beløpet blir fordelt administrativt i samband med fastsetting av bestillinga 2007 for rusinstitusjonane.

### Endra overslagsløyving ISF inntekt til helseføretaka

Med basis i dei budsjett HF'a har vedtatt blir overslagsløyvinga på ISF inntekta justert i tråd med budsjetterte DRG poeng. Endeleg og faktisk ISF inntekt for 2007 blir likevel ikkje fastsett før ISF oppgjeret blir gjennomført i 2008.

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SUM
DRG poeng inntektsfordeling sak 099/06 B	55 923	29 100	85 140	22 290	192 453
DRG poeng budsjettet i HF'a	54 820	29 100	88 902	22 290	195 112
Endring overslag DRG poeng	-1 103	0	3 762	0	2 659
Endring overslagsløyving ISF inntekt	-14 338	0	48 889		34 550

## **Tilskot til arbeid med vald og traumatisk stress**

I samband med opprettinga av dei regionale ressurssentra i 2006 blei det føretatt ei omlegging av finansieringa av det psykososiale teamet frå same tidspunkt. Det er Sosial- og helsedirektoratet som har finansieringsansvaret for drifta av regionalt ressurscenter for vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging. I samband med omlegginga ligg det att midlar på kr 1,071 mill for 2007. Midlane blir fordelt etter kostnadsnøkkel for psykiatri, og overføres i ramma til helseføretaka.

## **Tilskot til regional legemiddelsenter (RELIS)**

Statens legemiddelverk vil i eigne oppdragsbrev gjere RELIS-sentra kjende med kva oppgåver som skal komme inn under denne løyvinga. Midlane på kr 3,460 mill vil bli haldt tilbake i RHF'et i påvente av slik avklaring.

## **Ekstra løyving kr 100 mill**

Regjeringa har lagt fram forslag om ekstraløyning på kr 100 mill til Helse Vest. Administrerande direktør vil føreslå at midlane blir fordelt med kr 93 mill til helseføretaka og kr 7 mill til dei private ideelle. Midlane blir fordelt på eigne helseføretak etter kostnadsnøkkel for somatikk. Midlane skal lette omstillingsutfordringa i helseføretaka og skal leggast inn som ein reservepost i budsjettet.

Helseføretaka må fortsett ha fokus på tiltak og balansekrav og skal derfor ikkje nyta midlane til å redusere omfanget av tiltak.

## **Opptrappingsplan psykiatri**

Helse Vest får i 2007 ein netto auke i opptrappingsmidlar psykiatri på kr 57,8 mill. I tillegg blir det frigjort kr 2,6 mill som følgje av omlegging av finansieringa av Hetlandstunet ungdomssenter. Det er derfor eit samla beløp på kr 60,4 mill å fordela. I tråd med den regionale opptrappingsplanen for psykisk helse skal tiltak innan barne- og ungdomspsykiatrien ha førsteprioritet. Dernest må DPS-a styrkas slik at desse blir aktive behandlings- og rehabiliteringssentra.

Administrerande direktør tilrår å fordela midlane til helseføretaka etter psykiatrinøkkelen. Det blir samtidig trekt ut eit beløp på kr 5,6 mill til dei private ideelle. Helse Vest vil fordela midlane i samband med fastsetting av bestillinga for 2007. Fordeling av opptrappingsmidlar blir då som følgjer:

Helseforetak	Beløp – mill. kr	Formål
Helse Førde HF	6,5	Styrking av barne- og ungdomspsykiatrien og DPS-ene
Helse Bergen HF	20,0	Styrking av barne- og ungdomspsykiatrien og DPS-ene
Helse Fonna HF	10,0	Styrking av barne- og ungdomspsykiatrien og DPS-ene
Helse Stavanger HF	18,3	Styrking av barne- og ungdomspsykiatrien og DPS-ene
Private med avtale	5,6	Styrking av barne- og ungdomspsykiatrien og DPS-ene
Sum	60,4	

Midlane er no innarbeida i inntektsramma til helseføretaka.

## **Omfordeling av inntektsramma gjestepasientoppgjer**

I 2006 var det lagt opp til korreksjon for pasientstraumar mellom helseføretaka i regionen gjennom ein eigen mobilitetskomponent i inntektssystemet. I slutten av kvart år skulle ein gjera ei avrekning for faktiske pasientstraumar med tilhøyrande betaling. Det har vist seg at denne løysinga gir helseføretaka oversikt over gjestepasientoppgjeret på et svært seint tidspunkt i året. Ein måte å gi helseføretaka ein fortløpende oversikt over pasientstraumane er å innføra eit løpende internt gjestepasientoppgjer. Dette har vært drøfta i økonomidirektørermøtet med tilråding om å innføra eit løpende internt gjestepasientoppgjer. Administrerande direktør er einig i dette og tilrår nødvendige justeringar av budsjettet i denne saka. Den estimerte effekten på budsjetta i helseføretaka følgjer av endra pasientstraumar i 2006 som først ligg føre no. Faktisk gjestepasientoppgjer for 2007 vil ikkje bli klar før ved rekneskapsavslutninga for 2007.

## Arbeidsgivaravgift

I 2004 ble det gjennomført ei omlegging i ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift. Det ble samtidig innført ein kompenasjonsordning for bortfall av differensiert arbeidsgivaravgift. Frå og med 2007 er det gjeninnført differensiert arbeidsgivaravgift. I den nye ordninga vil avgiftssatsen følge av verksemda si lokalisering. Dette inneber at avgiftsnivået i aktuelle føretak blir redusert, og kompenasjonsbeløpet til Helse Vest er redusert til kr 21,3 mill. Beløpet blir fordelt på HF'a basert på netto kostnadseffekt etter omlegginga. Dette utgjer følgjande beløp:

	<b>Stavanger</b>	<b>Fonna</b>	<b>Bergen</b>	<b>Førde</b>	<b>Sum</b>
Reversert tilskot frå 2006	0	9 791	486	28 815	39 092
Redusert kostnad pga ny aga	0	2 761	0	9 661	12 422
Differanse/tap	0	-7 030	-486	-19 154	-26 670
<i>Prosent andel tap</i>	<i>0 %</i>	<i>26,4 %</i>	<i>1,8 %</i>	<i>71,8 %</i>	<i>100 %</i>
<b>Ny kompensesjon - innarbeida i inntektsramma</b>	<b>0</b>	<b>5 614</b>	<b>388</b>	<b>15 298</b>	<b>21 300</b>
Differanse etter kompensasjon	0	-1 415	-98	-3 857	-5 370

Utrekninga er gjort med basis i 2006 tal. Omlegginga inneberer ein underkompensasjon på om lag kr 5,4 mill.

Dei endringar og omdisponeringar som er omtala punkta ovanfor vil påverke inntektsfordelinga til helseføretaka på følgjande måte:

<b>Inntektsfordelig 2007</b>	<b>Helse Stavanger</b>	<b>Helse Fonna</b>	<b>Helse Bergen</b>	<b>Helse Førde</b>	<b>Helse Vest RHF</b>	<b>SUM</b>
SUM inntektsramme (sak 099/06 B)	2 897 946	1 644 038	4 974 690	1 382 360	2 268 178	13 167 212
Habilitering og rehabilitering av tiltak for rusmiddelavhengige					1 750	1 750
Endra overslagsløyving ISF inntekt	-14 342	0	48 892			34 550
Tilskot til arbeid med vald og traumatisk stress	324	181	449	117		1 071
Tilskot til regional legemiddelsenter (RELIS)					3 460	3 460
Ekstraløyving	27 351	16 545	38 251	10 853	7 000	100 000
Opptrapningsplan psykiatri	18 300	10 000	20 000	6 500	-54 800	0
Omlegging arbeidsgivaravgift	0	5 614	388	15 298	-21 300	0
<b>Gjestepasientoppgjer:</b>						
Uttrekk fra basis fordelt etter produksjon (interne DRG poeng inn i 2006 * 20 % * DRG pris)	-13 438	-14 830	-108 610	-6 992		-143 870
Fordeling av midler til dekning av 20 % kostnad gjestepasientar	32 903	60 765	12 169	38 033		143 870
Reduksjon omfordeling i ramme internt gjestepasientoppgjør	18 643	42 789	-89 789	28 357		0
<b>Endringar i HF'a sin inntekter/kostnader:</b>						
Inntekt 40 % fakturering til andre HF i regionen (interne DRG poeng inn i 2007 * 20 % * DRG pris)	26 877	29 661	217 221	13 981		287 740
Kostnad 40 % fakturering fra andre HF i regionen	-65 806	-121 530	-24 338	-76 066		-287 740
Korreksjon	-2	-1		4	-36	-35
Sum endringar	30 810	29 194	114 633	30 085	-63 926	140 796
Sum oppdatert inntektsramme 2007	2 928 756	1 673 232	5 089 322	1 412 445	2 204 252	13 308 007

I vedlegg 1 til denne saka følgjer oppdatert oversikt over inntektsfordeling til HF'a for 2007.

### **Omdisponering av budsjettpostar i RHF' budsjettet – kjøp av helsetenester**

Oppdragsdokumentet frå eigar gir føringar på fleire tiltak som Helse Vest må følgje opp i 2007. Kostnadane knytt til fleire av desse tiltaka er førebels ikkje kjende og det vil derfor være nødvendig å gjere omprioritering av budsjettmidlar innafor den samla budsjettramma til RHF'et. I samband med at resultatkravet er endra frå kr 280 mill til eit underskot på kr 305 mill tilrår administrerande direktør at budsjettet til kjøp av helsetenester blir auka med ein uspesifisert post på kr 25 mill. Det blir då budsjettert med eit underskot på kjøp av helsetenester med kr 25 mill. Budsjettposten skal ta høgde for forhold som ikkje var kjende eller uavklart då inntektsfordelinga vart lagt fram i novembermøtet.

I følgje oppdragsdokumentet frå eigar vil følgjande tiltak måtte dekkast innafor den totale budsjettramma:

- Vidare utvikling av Helsebiblioteket. Det økonomiske bidraget blir gjort kjent i føretaksmøtet
- Etablering av eit nasjonalt KOLS-register med utgangspunkt i regionalt kvalitetsregister for KOLS
- Tolketenester for samiske befolkning, innvandrarbefolkninga og sterkt hørselshemma pasientar samt tilrettelegging av hjelpemiddel for desse.
- Auke ressursbruken tilsvarande kr 1,9 mill for å auke tilgangen på organ til transplantasjon

Det er satt i verk eit nasjonalt prosjekt for etablering av nødnett. Dette vil ha ein samla kostnad i 2007 på kr 20 mill. Helse Vest sin del av denne kostnaden utgjer kr 4000. Denne posten er budsjettert for lågt i novembersaka og må aukast med kr 2,4 mill.

Prosessens rundt forhandling med dei private ideelle om bestilling 2007 er forventa å vere ferdig medio februar. Det ligg derfor ein usikkerheit i budsjettet knytt til kjøp av helsetenester frå private ideelle. Når bestillinga er ferdig må dei budsjettmessige konsekvensane innarbeidast budsjettet til RHF'et.

Dersom styret går for instillinga til administrerande direktør, vil det i samband med etablering av rekneskaps- og lønskontor for Helse Vest RHF, Apoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS bli etableringskostnader og doble driftskostnader i delar av 2007.

Basert på tidlegare gitte fullmakter vil administrerande direktør foreta nødvendige omdisponeringar av budsjettpostane innafor den totale budsjettramma.

### **Konsernbudsjett 2007**

Helseføretaka har med basis i sak 099/06 B Inntektsfordeling 2007 og førebels resultatkrav 2007 fatta vedtak om budsjett 2007 i sine respektive styre. Førebels resultatkrav vart under ovannemnde sak fastsett til eit underskot på kr 280 mill. Konsernbudsjettet er no satt opp med eit samla underskot på kr 305 mill som samsvarer med eigar sitt resultatkrav.

Styret i Helse Fonna har vedtatt eit resultatkrav for 2007 på minus kr 17 mill. Dette er kr 21 mill strengare enn resultatkravet frå Helse Vest RHF. I resultatoppfølginga for 2007 vil Helse Vest legge til grunn eit resultatkrav til Helse Fonna på kr 38 mill. Helse Fonna treng ikkje å justere sitt budsjett.

Forskjellen i resultatkravet som vart vedtatt av styret i novembermøtet på minus kr 280 mill og resultatkravet frå eigar på minus kr 305 mill er lagt inn som ein uspesifisert kostnadspost under Kjøp av helsetenester. Resultatkravet på helseføretaka blir såleis oppretthald i tråd med tidlegare budsjettvedtak.


Med basis i ovannemnde føresetnader legg administrerande direktør fram forslag til konsernbudsjett 2007 med eit samla underskot på kr 305 mill:

Tal i hele mill.	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	Kjøp av helsetenester	Helse Vest administrasjon	Eliminering	Konsern
<b>Driftsinntekter</b>										
Basisramme	2 258	1 289	3 952	1 133	-	-	10 541	-	-8 533	10 640
ISF inntekter	756	388	1 137	298	-	-	2 836	-	-2 535	2 880
Gjestepasientar	32	27	90	20	-	-	-	-	-	168
Polikliniske inntekter og egenbetaling	252	110	393	86	-	-	-	-	-	841
Andre inntekter og tilskudd	102	54	129	48	584	324	-	74	-698	618
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>3 401</b>	<b>1 867</b>	<b>5 701</b>	<b>1 584</b>	<b>584</b>	<b>324</b>	<b>13 378</b>	<b>74</b>	<b>-11 766</b>	<b>15 147</b>
Varekostnader	545	217	963	219	456	35	13 106	-	-11 766	3 776
Personalkostnader	2 293	1 296	3 754	1 036	91	69	-	33	-	8 573
Andre driftskostnader	418	223	675	235	29	150	294	41	-	2 065
Avskrivninger	186	134	412	123	3	68	3	1	-	929
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>3 442</b>	<b>1 871</b>	<b>5 804</b>	<b>1 613</b>	<b>580</b>	<b>322</b>	<b>13 403</b>	<b>75</b>	<b>-11 766</b>	<b>15 344</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-41</b>	<b>-4</b>	<b>-103</b>	<b>-29</b>	<b>4</b>	<b>2</b>	<b>-25</b>	<b>-1</b>	<b>-</b>	<b>-196</b>
Finansinntekter	-	1	-	1	0	-	-	1	-	4
Finanskostnader	10	15	50	10	0	2	-	-	-	86
<b>Finansresultat</b>	<b>-10</b>	<b>-13</b>	<b>-50</b>	<b>-9</b>	<b>-</b>	<b>-2</b>	<b>-</b>	<b>1</b>	<b>-</b>	<b>-83</b>
<b>Resultat (vedtak HF'a)</b>	<b>-51</b>	<b>-17</b>	<b>-153</b>	<b>-38</b>	<b>4</b>	<b>0</b>	<b>-25</b>	<b>-0</b>	<b>-</b>	<b>-279</b>
Justering av resultatkrav	-	21	-	-	4	-	-	-	-	25
<b>Resultat</b>	<b>-51</b>	<b>-38</b>	<b>-153</b>	<b>-38</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-25</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-305</b>

I konsernsamanstillinga er det gjort ei forenkla eliminering for konserninterne transaksjonar. Dette er i hovudsak knytt til ISF inntekt og basisramme i føretaka. I tillegg er det eliminert for interne inntekter i Helse Vest IKT og Apoteka vest.

### Likviditetsbudsjett 2007

Helse Vest har ei driftskreditramme på kr 1,6 mrd. Denne ramma er fordelt ut på det enkelte helseføretak basert på innmeldt driftskreditbehov. Helseføretaka har utarbeid periodisert likviditetsbudsjett som er oppsummert i grafen under:



Som ein ser av grafen er driftskredittramma på kr 1,6 mrd tilstrekkeleg for å dekke likviditetsbehovet i 2007. Likviditetsbudsjettet har ei usikkerheit i seg, og det er særleg tidspunktet for betaling av pensjon samt framdrifta på investeringsaktiviteten som vil kunne påverke likviditeten.

Dersom utviklinga gjennom året viser at driftskredittramma er for låg vil Helse Vest måtte søkje HOD om å få auka driftskredittramma. Administrasjonen vil følgje opp behovet fortløpende og orientere styret om utviklinga gjennom økonomirapporteringa.

## Forslag til vedtak:

- Konsernbudsjett 2007 for føretaksgruppa Helse Vest blir medtatt med følgjande resultatkrav for føretaka:

Tal i heile mill.	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Kjøp av helsetenester	Helse Vest administrasjon	Konsern
Resultatkrav	-51	-38	-153	-38	0	0	-25	0	-305

- Inntektsramma som blei vedtatt under sak 99/06 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under.

Inntektsfordelig 2007	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
SUM inntektsramme (sak 099/06 B)	2 897 946	1 644 038	4 974 690	1 382 360	2 268 178	13 167 212
Habilitering og rehabilitering av tiltak for rusmiddelhengige					1 750	1 750
Endra overslagsløyving ISF inntekt	-14 342	0	48 892			34 550
Tilskot til arbeid med vald og traumatisk stress	324	181	449	117		1 071
Tilskot til regional legemiddelsenter (RELIS)					3 460	3 460
Ekstraløyving	27 351	16 545	38 251	10 853	7 000	100 000
Opprappningsplan psykiatri	18 300	10 000	20 000	6 500	-54 800	0
Omlegging arbeidsgivaravgift	0	5 614	388	15 298	-21 300	0
<b>Gjestepasientoppgjør:</b>						
Uttrekks fra basis fordelt etter produksjon (interne DRG poeng inn i 2006 * 20 % * DRG pris)	-13 438	-14 830	-108 610	-6 992		-143 870
Fordeling av midler til dekning av 20 % kostnad gjestepasientar	32 903	60 765	12 169	38 033		143 870
Reduksjon omfordeling i ramme internt gjestepasientoppgjør	18 643	42 789	-89 789	28 357		0
<b>Endringar i HF'a sin inntekter/kostnader:</b>						
Inntekt 40 % fakturering til andre HF i regionen (interne DRG poeng inn i 2007 * 20 % * DRG pris)	26 877	29 661	217 221	13 981		287 740
Kostnad 40 % fakturering fra andre HF i regionen	-65 806	-121 530	-24 338	-76 066		-287 740
Korreksjon	-2	-1		4	-36	-35
<b>Sum endringar</b>	30 810	29 194	114 633	30 085	-63 926	140 796
<b>Sum oppdatert inntektsramme 2007</b>	2 928 756	1 673 232	5 089 322	1 412 445	2 204 252	13 308 007

Styret tar etterhald for tildeling av ekstra løying på kr 100 mill då denne ikkje er vedtatt av Stortinget enno. Ekstraløyvinga skal nyttast til å innarbeide ein reservepost i budsjettet til HF'a. HF'a må fortsett fokusere på tiltak og balansekrav.

- Administrerande direktør vil foreta nødvendige omdisponeringar av budsjettpostane innafor den totale budsjettramma.

## VEDLEGG 1: Oppdatering inntektsramme 2007

Inntektsfordeling 2007 - innanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
<b>Innsatsstyr finansiering</b>	<b>712 441</b>	<b>378 184</b>	<b>1 155 370</b>	<b>289 681</b>		2 535 676
ISF pasienter behandla i andre regionar	58 001	11 839	33 127	15 283		118 250
ISF pasienter behandla for andre regionar	-18 738	-2 392	-45 148	-7 317		-73 595
SUM ISF	751 704	387 631	1 143 349	297 646		2 580 330
Inntektsramme Helse Vest RHF					2 204 252	2 204 252
Basis somatikk	667 657	354 088	642 676	270 463		1 934 884
Basis somatikk fordelt etter produksjon	363 394	200 118	628 958	144 835		1 337 305
Kostnadskomponent, somatikk	165 467	90 043	566 354	77 468		899 332
Basis psykiatri	527 966	345 597	640 890	242 733		1 757 186
Gjestepasienter rus	19 290	10 782	26 625	6 983		63 679
Kostnadskomponent, psykiatri	-	-	30 517	-		30 517
Ambulanse	62 955	71 708	158 082	95 393		388 138
Stukturtilskot	-	25 444	22 760	32 427		80 631
Skjønnstilskudd Helse Førde	-	-	-	20 000		20 000
Tilskudd til landsfunksjonar	-	-	32 621	-		32 621
Internt gjestepatientoppgjer	-38 137	-87 719	185 229	-59 373		0
Fordelt kapitaltiskot	192 495	108 136	312 176	78 727		691 534
<b>Sum fordelt etter modell</b>	<b>2 712 789</b>	<b>1 505 829</b>	<b>4 390 238</b>	<b>1 207 301</b>	<b>2 204 252</b>	<b>12 020 409</b>
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppgr. Fordelt etter faktisk kostnad *)	19 631	4 723	-6 011	3 983		22 327
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppgr. Fordelt etter somatikkmodell	6 567	3 973	9 181	2 606		22 327
<b>Utrekk fra basis fordelt etter produksjon (interne DRG poeng inn i 2006 * 20 % * DRG pris</b>	<b>-13 438</b>	<b>-14 830</b>	<b>-108 610</b>	<b>-6 992</b>		<b>-143 870</b>
<b>Fordeling av midler til dekning av 20 % kostnad gjestepasientar</b>	<b>32 903</b>	<b>60 765</b>	<b>12 169</b>	<b>38 033</b>		<b>143 870</b>
<b>Reduksjon omfordeling i ramme internt gjestepatientoppgjør</b>	<b>18 643</b>	<b>42 789</b>	<b>-89 789</b>	<b>28 357</b>		<b>-</b>
Endring organisering	-15 300	0	-5 400	1 700		-19 000
<b>Sum fordelt etter modell inkl. ekstern gj.pas.oppgr - inntektsramme fra Helse Vest til HF</b>	<b>2 761 795</b>	<b>1 603 249</b>	<b>4 201 778</b>	<b>1 274 989</b>	<b>2 204 252</b>	<b>12 046 063</b>
Inntektsfordeling 2007 - Utanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
<b>Tilskudd i basisrammen</b>						-
Poliklinikk overført basisramme			Overført til inntektsmodellen			-
Halvering lab/røntgen satsar	42 677	14 995	76 467	13 538		147 677
Kreftplan	7 383	1 128	9 758	2 679		20 947
<b>Kompensasjon for arbeidsgiveravgift</b>	<b>-</b>	<b>5 614</b>	<b>388</b>	<b>15 298</b>		<b>21 300</b>
Kompensasjon for el-avgift	5 064	5 449	10 951	2 937		24 401
Internt lab/røntgenoppgrjer	-4 530	-5 654	14 185	-4 001		-
Rusomsorg	1 381	14 587	15 804	545		32 317
Gjesteplassar rusområde - fordelt i modellen						-
TNF hemmar	21 194	764	74 846	21 575		118 378
Pensjonskostnad - inngår no i resultatkravet	51 482	27 332	85 003	22 324		186 141
Styrking av inntektsramma fordelt etter nøkkel for kapitaltiskot	29 000	18 000	41 000	12 000		100 000
<b>Ekstraløving (etterhald om stortingets godkjennung)</b>	<b>27 351</b>	<b>16 545</b>	<b>38 251</b>	<b>10 853</b>		<b>93 000</b>
<b>Særskilte tildelinger</b>						-
"Mor og Barn" prosjekt	442					442
<b>Øremerket tilskudd</b>						-
Opptrapningsplan psykiatri 2004	4 341	2 593	5 140	2 865		14 940
Opptrapningsplan psykiatri 2005	11 122	9 523	18 163	9 500		48 308
Opptrapningsplan psykiatri 2006	17 854	9 031	23 874	7 785		58 543
<b>Opptrapningsplan psykiatri 2007</b>	<b>18 300</b>	<b>10 000</b>	<b>20 000</b>	<b>6 500</b>		<b>54 800</b>
Tilskot til utdanning	11 171	5 590	95 991	4 232		116 984
Kompetansesentre:						-
Regionale kompetansesentre	1 827	-	27 413	-		29 240
Nasjonale med. komp. Sentre	1 104	-	26 935	-		28 039
Syketransport	52 933	49 416	100 654	99 874		302 876
Tilstedevakt - beredskap Solabasen	3 846					3 846
<b>Tilskot til arbeid med vald og traumatisk stress</b>	<b>324</b>	<b>181</b>	<b>449</b>	<b>117</b>		<b>1 071</b>
Insulinpumper	2 707	1 596	4 750	863		9 917
Dyrare legemiddel	876	482	1 509	372		3 238
Lassatjern behandlingsheim overf. frå RHF	5 062					5 062
Utanlandsbehanlinger - overf. frå RHF			10 069			10 069
<b>SUM tildelt inntektsramme 2007 frå RHF</b>	<b>3 074 709</b>	<b>1 790 419</b>	<b>4 903 378</b>	<b>1 504 844</b>	<b>2 204 252</b>	<b>13 477 601</b>
<i>Endring av inntektsramma til HF'a som følge av gjestepatientoppgrjer:</i>						
Kostnad eksternt gj.pas.oppgrør	-116 000	-23 678	-66 254	-30 565		-236 497
Fakturering av gjestepasienter andre regioner	37 476	4 784	90 296	14 634		147 190
<b>Inntekt 40 % fakturering til andre HF i regionen (interne DRG poeng inn i 2007 * 20 % * DRG pris)</b>	<b>26 877</b>	<b>29 661</b>	<b>217 221</b>	<b>13 981</b>		<b>287 740</b>
<b>Kostnad 40 % fakturering fra andre HF i regionen</b>	<b>-65 806</b>	<b>-121 530</b>	<b>-24 338</b>	<b>-76 066</b>		<b>(287 740)</b>
Kostnad rus gjestepasienter	-23 625	-3 502	-24 134	-12 417		-63 679
Kostnad kjøp av kurdegnplassar	-4 874	-2 922	-6 846	-1 966		-16 608
<b>SUM inntektsramme i HF'a</b>	<b>2 928 756</b>	<b>1 673 232</b>	<b>5 089 322</b>	<b>1 412 445</b>	<b>2 204 252</b>	<b>13 308 007</b>